MÅL FOR FORVALTNING AV ELG, HJORT OG RÅDYR I HJARTDAL KOMMUNE
2025-2027



HJARTDAL KOMMUNE

Vedteke av utval for plan- og utvikling i Hjartdal kommune den xxxx, sak xxxxx

INNLEIING

Den kommunale forvaltninga av hjortevilt skal byggje på naturmangfaldlovene og viltlovas §1: *Viltet og viltets leveområde skal forvaltast slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevarast. Innanfor denne ramme kan viltproduksjonen haustas til gode for landbruksnæring og friluftsliv*

«Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr» er ein overordna plan for forvaltning av desse hjorteviltartane i Hjartdal kommune. I «Forskrift om forvaltning av hjortevilt» § 3 er det sett krav om at kommunen skal utarbeide ein slik plan. Måla for hjorteviltet skal taka omsyn til beitegrunnlag, bestandsutvikling, moglege skader på naturmangfald, beiteskadar i jord- og skogbruk samt viltulykker i trafikken.

Dei kommunale måla skal være eit grunnlag for valda og grunneigarane sin forvaltning av viltet. Vald som lagar bestandsplaner må utforme desse i samsvar med dei kommunale måla. Rettleiaren frå Miljødirektoratet M-478, 2016 "Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarar, legg rammer for korleis hjorteviltet skal forvaltast lokalt i ein kommune.

Dette dokumentet er utarbeidd ved at administrasjonen har hatt diskusjonsmøte med leiar og nestleiar i bestandsplanområdet i kommunen. Deretter blir dokumentet sendt på høyring, for til slutt å bli vedteke politisk i Hjartdal kommune. Kommunale målsettingar blir vedtekne i utval for plan- og utvikling. **Den enkelte bestandsplanen blir handsama som delegert sak av administrasjonen. Når perioden er over skal det evaluerast om måla er nådde.** Sjå eige avsnitt «Vedlegg til kommunale målsettingar 2025-2027» sist i dokumentet

Forskrift om minsteareal er endra i 2025. Nye og gamle areal er:

Minsteareal for:	Før 2025	Frå 2025
Rådyr	2000 dekar	2000 dekar
Hjort	7500 dekar	5000 dekar
Elg	4000 dekar	6000 dekar

Det er blitt bruka 50 % regelen på elg oppover på alle vald, slik at i praksis har grunnlag for kvote vore 6000 dekar på elg. Nokre vald har hatt 7000 dekar som praktisert minsteareal, etter eige ynskje.

For hjort har regelen blitt bruka motsatt på to vald (Lonar/Skårdal og Himing/Heksfjell), heilt ned i 3500 dekar på et vald. Lonar/Skårdal felte 23 av 26 dyr i 2024. Himing/Heksfjell felte 6 av 26 dyr.

OVERORDNA MÅL

Hjorteviltstamma i kommunen skal være mest mogleg stabil på eit berekraftig nivå med god kondisjon på dyra. Viltressursane skal kunne haustast til nytte og glede for jegerar, grunneigarar og andre.

Elg-, hjorte- og rådyrstamma skal forvaltast slik at det i størst mogleg grad blir tatt omsyn til trafikkfare, biologisk mangfald og friluftsliv. Det skal leggast vekt på å halde beiteskadar på skog og avlingar på akseptabelt nivå. Kommunen skal i størst mogleg grad ta omsyn til dyras trekkruter og andre viktige leveområde i kommunal planlegging.

ØKONOMI

Ei god forvaltning av hjorteviltstammen kan gje ein samfunnsøkonomisk gevinst. I tillegg vil ei god forvaltning redusere skader på skog og innmark og antall viltpåkøyrsler. Ei redusert felling av vilt gir også reduserte inntekter.

Viltfondet brukas i dag i samband med viltfagleg fellesarbeid og ettersøk av skada vilt. Fellingsavgift for elg og hjort er inntektene til viltfondet. Høgaste sats pr felt dyr er fastsatt i statsbudsjettet hvert år, og kommunen kan sjølv bestemme eventuelt lågare sats.

Maksimal sats for 2025/2026 er:
Elg, voksen Kr 670,-
Elg, kalv Kr 400,-
Hjort, voksen Kr 520,-
Hjort, kalv Kr 310,-

Fellingsavgifter for elg og hjort for perioden 2025 – 2027 fastsettes til følgende for jakt i Hjartdal Kommune:
Elg, voksen Kr 620,-
Elg, kalv Kr 370,-
Hjort, voksen Kr 480,-
Hjort, kalv Kr 290,-

Satsane har vore slik i perioden 2013 – 2024:
Elg, voksen Kr 496,-
Elg, kalv Kr 292,-
Hjort, voksen Kr 379,-
Hjort, kalv Kr 230,-

MÅL FOR ELGFORVALTINGA I HJARTDAL KOMMUNE 2025 – 2027

Hovudmål:
Elgstamma i Hjartdal skal ha god kondisjon og skal utnytte beiteresurssene utan at det blir beiteskadar i inn- og utmark eller trafikkproblem av noko større omfang.

Delmål for bestandsutvikling elg:

- Stabil bestand med ei årleg avskyting i perioden på om lag 90 elg.
- Sett elg pr jegerdag skal ligge nær 0,55
- Halde kalveproduksjonen på minst 0,6 kalv pr ku
- Sikre at ku/okse- forholdet ikkje overstig 2,0
- Det bør fellast minst 30 % kalv
- Det bør fellast minst 60 % unge dyr (kalv og 1,5 åringar til saman)
- Slaktevekter på kalv og ungdyr bør stabiliserast og gjerne vise aukande trend

Krav til bestandsplanar elg i Hjartdal kommune:

- Mål for bestandsutviklinga skal koma tydeleg fram av planen
- Fordeling av tildelte dyr skal gjøres på denne måten:
    - Delas i minst 3 hovedgrupper;
        - Gruppe 1 – Kalv.
        - Gruppe 2 – Hanndyr eldre enn kalv.
        - Gruppe 3 – Hunndyr eldre enn kalv.
- Minst 33 % av tildelte dyr pr jaktlag skal være kalv
- Jaktlaga må føre jaktstatistikk i Hjorteviltregisteret fordelt på kalv, ungdyr (1,5 år) og vaksne dyr (over 2,5 år) og på begge kjønn. Føring i Hjorteviltregisteret skal skje regelmessig gjennom jakttida.
- Det skal være plan for regulering av uttak på store oksar over 6 takkar.

Fylgjande moment vil vere ei tilråding omkring elg til Hjartdal Bestandsplanområde:

- Elgoksar er ofte utsett for ei sterk beskatning og store oksar er ein ressurs for elgstamma. Det bør vurderast ei ordning for å regulere uttaket og auke talet på store oksar med like reglar i heile kommunen:
    - Oksar meir enn 6 takkar bør tildelast i begrensa antall
    - Oksar meir enn 6 takkar bør sparast fram til 10.oktober
- I bestandsplanen bør uttaket av vaksne dyr vere noelunde fordela likt på kjønn
- Dyr i dårleg kondisjon (små dyr) i alle aldersgrupper blir prioriterte ved felling
- Vurder felles avslutning på jakt 1. desember.

Reaksjon ved liten andel felte ungdyr og kalv

Forenkle reaksjonsmønster, oppsigelse av bestandsplan, jfr §16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, kan forekomme ved avvik på målsetting om minst 30 % kalv av felte dyr. Direkte tildeling kan komme på slutten av perioden.

Vald uten godkjent bestandsplan får tildeling slik:
40 % kalv (1/2 år), 25 % vaksne hodyr (1,5 år og eldre) og 35 % vaksne hanndyr (1,5 år og eldre).

MÅL FOR HJORTEFORVALTINGA I HJARTDAL KOMMUNE 2025 – 2027

Hovudmål:
Hjortestamma i Hjartdal skal ha god kondisjon og skal utnytte beiteressursane utan at det blir beiteskadar i inn- og utmark eller trafikkproblem av noko større omfang.

Delmål for forvaltning og organisering:

- Hjorten skal forvaltast over store naturleg samanhengande område. Hjorten blir direkte tildelt med bakgrunn i historiske felt og sett data.

Delmål for bestandsutvikling:

- Sikre at hind/bukke- forholdet er på omtrent 2-3 til 1
- Sikre stor nok del av "store bukkar" i vinterstamma.
- Omfanget av skadar på skog skal ikkje auke utover dagens nivå.
- Omfanget av skadar på innmark skal ikkje auke utover dagens nivå**.**

Felt hjort skal ha følgende fordeling ved planperiodens slutt:

Andel %	
25	**Kalv (minst)**
10	**Spissbukk (minst)**
35	**Hodyr 1,5 år og eldre**
30	**Hanndyr 2,5 år og eldre**

Krav til direkte tildeling i Hjartdal kommune:

- Årleg avskyting skal være inndelt i minst 4 hovudgrupper:
  - Gruppe 1 – Kalv
  - Gruppe 2 – Spissbukk (1,5 år)
  - Gruppe 2 - Hanndyr (2,5 år og eldre)
  - Gruppe 3 - Hodyr (1,5 år og eldre)

- Sett hjort og slaktevekter skal registrerast av alle jaktlag. Rapportering skal skje digitalt inn i Hjorteviltregisteret. Føring i Hjorteviltregisteret skal skje regelmessig gjennom jakttida.

Kommentar til kommunens mål

Hjorten er ujamt fordelt i Hjartdal. Hjorten kan ha svært høg tettleik lokalt for så nærmast å vere totalt borte i tilgrensande område. Dette gjer det vanskelegare å forvalte viltarten på ein god måte. Det er noko beiteskadar på gran, og det har blitt rapportert om noko skadar på lagra rundballar i kommunen.

Generelt er det for lite dokumentert kunnskap om hjortens habitat, bevegelsar og trekkmønster i Hjartdal. ”Sett hjort”- registreringar og utarbeiding av parameter har også vore noko tilfeldig. Det blir derfor svært viktig at ”sett hjort”- skjemaet blir ført rett. For planperioden 2025-2027 skal alle jegerar / jaktlag føre dagleg ”sett hjort”-skjema på lik linje som det blir gjort for elg.

MÅL FOR RÅDYRFORVALTINGA I HJARTDAL KOMMUNE 2025 – 2027

Hovudmål:

Rådyrstamma i Hjartdal skal ha god kondisjon og skal vere eit attraktivt jaktobjekt utan at det blir beiteskadar i inn- og utmark eller trafikkproblem av noko større omfang.

Delmål:

- **Legge til rette for ein større og livskraftig rådyrbestand i Hjartdal**
- **Tildele rådyr ut ifrå same mal som tidlegare år.**
- **Oppmode jegerane til å vurdere talet på rådyr det er tilrådeleg å felle i området sitt.**
- **Omfanget av påkjørte rådyr skal ikkje auke utover dagens nivå.**
- **Omfanget av skadar på innmark / hager skal ikkje auke utover dagens nivå.**

Det er få tilgjengelege data om rådyrbestanden. Kommunen får oversikt over felte dyr og fallvilt.

I Hjartdal har rådyrbestanden auka litt i dei siste åra. Interessa og tradisjonane for rådyrjakt er forholdsvis liten i kommunen, men kan auke med aukande bestand.

Valda for elg og hjort er også godkjente rådyrvald, dei fordelar fellingsløyvene vidare til rådyrjaktlag innanfor valdområdet. Rådyrforvaltninga er slik sett effektiv, men ikkje spesielt presis.

Vedlegg til kommunale målsettingar 2025-2027

MÅLOPPNÅING, STATUS OG TILTAK FOR ALLE ARTAR

BAKGRUNN
Etter § 3 i hjorteviltforskrifta skal kommunane lage og vedta kommunale mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr.
Dette er eit vedlegg til hovuddokumentet: *«Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr i Hjartdal kommune – for planperioden 2025 – 2027».*

MÅLOPPNÅING OG STATUS I ELGFORVALTNINGA ETTER BESTANDSPLANPERIODEN 2022-2024

To delmål var sett for forvaltning og organisering:

- **Elgen blir forvalta likt og konsekvent over store naturleg samanhengande område, gjerne i form av eit formelt etablera bestandsplanområde for heile kommunen.**
- **Sett elg og slaktevekter skal registrerast av alle jaktlag. Rapportering skal skje digitalt på** www.settogskutt.no**, slik at data kan hentast direkte inn i Hjorteviltregisteret.**

Begge desse måla er nådd i planperioden. Hjartdal Bestandsplanområde organiserer alle valda i kommunen med forvaltning etter felles bestandsplan for elg. Alle valda rapporterer jaktstatistikk elektronisk i Hjorteviltregisteret. Vekter på dyr er ikkje alltid med. Der må jaktlag bli betre da vekt er viktig kriteriet for kondisjon på stamme

Følgande delmål for bestandsutvikling vart vedteke i dei kommunale måla for 2022-2024:

- Stabil bestand med ei årleg avskyting på om lag 100 dyr
- Sett elg pr jdv skal ligge nær 0,55
- Auke kalveproduksjonen til 0,6 kalv pr ku
- Sikre at ku/okse- forholdet ikkje overstig 2,0
- Slaktevekter på kalv og ungdyr skal stabiliserast og gjerne vise aukande trend

Punktvis vurdering av måloppnåinga:

- Det vart felt 87 i 2022, 78 i 2023 og 88 i 2024 dyr, stabil avskyting gjennom fleire år. Kvotene har vore på 105 dyr kvart år i perioden. **Måloppnåinga er god.**
- Måten å registrere «Sett elg per jegerdag» vart endra i 2019. Instruks er nasjonal frå 2018 og alle observasjonar skal registrerast, f.eks. om same dyr går forbi 5 postar, skal det registrerast 5 gongar. Vi må anta at alle jaktlag har ført denne statistikken korrekt dei siste 6 åra. Ut frå det kan ein si at **måloppnåinga er nådd**. Ein kan anta at elgstamme er auka i antall. I alle åra for periode 2022-2024 er verdiane over 0,55; 0,58 - 0,66 og 0,59. Ein kan ikkje samanlike tall før 2019 med dagens da registrering blei gjort annleis. Same dyr ved 5 postar vart da registrert som ein observasjon
- Sett kalv pr ku i perioden 2022-2024 var 0,47, 0,61 og 0,56. Det er ein liten oppgang frå førre periode 2019-2021. Tala viser fortsett at det er noko for få kyr som får kalv og at kondisjonen på dyra burde være betre. Kalveproduksjon er kanskje den viktigaste parameteren på bestandskondisjon og vi har gått i rett retning i planperioden. Viktig at produksjonsdyr av begge kjønn blir spart.
- Ku/okse forholdet i perioden er 1,62 – 1,70 og 1,58, og dermed **innanfor målet på 2,0**

- Snittvekt i 2022-24 var på kalv 60 kg (57 kg i 2019-2021) og på ungdyr på 120 kg (119 kg i 2019-2021). Snittala for Telemark i periode 2022-2024 var 52 og 111 kg, så elgen i Hjartdal er større en fylkessnittet. Til samanlikning var verdiane i elgkommunen Drangedal på 44 kg for kalv og 102 for ungdyr.
  Målet er nådd da vektene er stabilisert og visar aukande trend.


FELLINGSSTATISTIKK 2022-2024
I planperioden 2022-2024 er det felt 253 elg. Tildelte fellingsløyver er 314, fellingsprosenten er dermed 81 %. Tilsvarande tall for 2019-2021 var 279 av 366 som gjev fellingsprosent på 76 %.
Uttaket av kalv i planperioden var på 38 %. Felling av ungdyr (1,5 år) er 26 %, noko som summert gir eit kalv/ungdyr uttak på 64 %. Eldre dyr utgjer 36 % av uttaket. Kjønnsfordeling på eldre dyr er liten overvekt på hanndyr med 56 % kontra 44 % for hodyr.

Tilrådinga i dei kommunale måla for 2022-2024 og fordelinga i bestandsplanen var slik (med oppnådd resultat i parentes)
Minst 60 % kalv og ungdyr (64 %)
Minimum 30 % kalv (38 %)
Maksimum 40 % eldre dyr over 2,5 år (36 %, fordelt)
Omtrent 50 %, målområde 45%-55%, fordeling på kjønn samla for eldre dyr (56 % hanndyr og 44 % hodyr)
Kommunedirektøren meiner måla for forvaltning er nådd.

Tilsvarande tilrådinga i dei kommunale måla for 2019-2021 og fordelinga i bestandsplanen var slik (med oppnådd resultat i parentes) :
Minst 60 % kalv og ungdyr (60,9 %)
Max 15 % kalv (25,8 %)
Minst 45 % ungdyr (35,1 %)
Maks 20 % eldre okse og maks 20 % eldre ku (39,1 % tot, god kjønnsfordeling)

FALLANDE KONDISJON - HOVUDUTFORDRINGA I ELGFORVALTNINGA
Frå 1950 åra og fram mot år 2000 var elgstamma i vekst og i god kondisjon. Bestandsskogbruket gav hogstflater med mykje mat, rovdyra var få og frå 1970 - åra starta ein med retta avskyting og betre forvaltning.
Toppåra for elgstamma i distriktet var omkring år 2000, med over 200 felte elg årleg i Hjartdal. Elgstamma var på den tida på eit ikkje berekraftig nivå og det blei gjennomført ei hard avskyting for å redusere stamma over store områder på Austlandet.

Andelen av de sett ku med kalv er stabilt heilt tilbake til 2004



Kva som gjer at elgen blir mindre og kva som skal til for å snu trenden er eit omdiskutert og til dels vanskeleg tema.
For mange elg i forhold til beitegrunnlaget har vore tolka som hovudårsak til fall i elgkondisjon. Andre faktorar kan også påverke, til dømes: forvaltningsmodellar/avskyting, genetikk, parasittar og insektplager.

Det er lagt ned mykje innsats og det er mange synspunkt omkring kva som skal til for å få elgvekter og bestandskondisjon til å auke igjen. Reduksjonsaavskyting er gjennomført og beitegrunnlaget synast å ha blitt betre utan at ein får den ønskelege utviklinga i elgkondisjon. Utfordringa med låg elgkondisjon gjeld i store trekk heile sør- og austlandet. Lengre nord i landet synast forholda å være betre for elgen.

I Sverige er det forskarar som undersøker om klimaendringar kan påverke elgen i negativ retning. I Nord Amerika synast elgen å ha blitt borte frå dei sørlegaste og varmaste områda. Elgen har en trivseltemperatur i kaldare klima og varme somrar kan påverke næringsinnhaldet i beiteplantene negativt.

ELGFORVALTNINGA HJARTDAL I NY PLANPERIODE

I det etterfølgjande omtalast nokre av utfordringane som det må takast stilling til i ny forvaltningsperiode:

A) SKAL VI AUKE ELGSTAMMA UTAN AT DET ER REGISTRERT BETRING I ELGKONDISJON

Etter jakta 2024 hadde kommunen samtaler med to valdrepresentantar om mellom anna rullering av kommunale målsettingar.
Tilbakemeldingane frå enkelte vald i 2021 var at det var færre elg enn tidlegare og at ein meinte at tida no var inne for å auke elgstamma. Sett elg pr dagsverk var 0,58 - 0,66 og 0,59 i jakta 2022-2024. Den var 0,53 i 2021. Det kan tyde på at stamma visar ein aukande trend.
Andre vald meiner stamma er på rett nivå og bør stabiliserast slik den er i dag

Dette reiser to prinsipielt spørsmål:

- Er det rett å legge til rette for å auke elgstamma før ein har snudd den negative trenden i elgkondisjon/vekt?
- Vil ein ytterlegare reduksjon i elgstamma føre til større elg, eller er det andre faktorar (effektar av endra klima) som gjer at elgen blir lettare utan at tettleiken og beitetrykket har så mykje å seie?

Dette er ei komplisert problemstilling og ein har truleg ikkje nok kunnskap om alle samanhengane. Ut i frå stabil trend i noko vektauke og sett dyr pr jegerdag vel administrasjonen å tilrå eit uttak om lag på same nivå som i dei to føregåande planperiodane og at dette (eit uttak på i underkant av 100 dyr) fører til ei stabil elgstamme på sikt. Kvote vil ligge på 105-110 dyr

B) KALVEANDEL I JAKTUTTAKET

I bestandsplanperioden 2016-2018 var 27,3 % av felte dyr i Hjartdal elgkalv, i planperioden 2019-2021 vart det felt 25,8 % kalv og i planperioden 2022-2024 vart det felt 38 % kalv

Dette er gjort sjølv om det i dei kommunale måla og bestandsplanen for perioden 2019-2021 var sett eit tak på maksimalt 15% kalv, vedteke politisk (administrasjonen tilråding var 30%). I perioden 2022-2024 var sett satt som krav at 30 % minimum skulle være kalv.

Ein forvaltningsmodell med høgt uttak av kalv gir ein praktisk effekt i form av høgare snittalder i elgstamma. Med høg snittalder får du fleire produktive (kalveførande) dyr i vinterstamma, og dei produktive dyr blir tideleg bedekt, som igjen gjev kalv tideleg på sommaren. Noko som er bra med tanke på lengst mogleg vekstsesong før vinteren etterpå. Fleire forskarar på elgforvaltning og sist nemnt i bladet «HJORTEVILTET» nemner at beitet i juni er særs viktig med tanke på næring og vektpåslag.

Ved å leggje vekt på å berre felle ungdyr får ein utfordringar:

1. Ei forvaltning der uttaket blir lagt på ungdyr er vanskeleg å gjennomføre i praksis. Risikoen for forveksling av ungdyr og eldre dyr under jakt er stor. Tannanalyser viser at ein del eldre dyr blir rapportert som ungdyr. Elgbestanden blir meir «uoversiktleg».
2. Ei avskyting med vekt på ungdyr og lite uttak av kalv fører til ei elgstamme med låg snittalder. For mange unge dyr blir årleg lagt til vinterstamma. Låg snittalder medfører liten kalveproduksjon og dårlegare produktivitet som er den største utfordringa i elgforvaltninga. Låg snittalder medfører også at det i vinterstamma er fleire hodyr som ikkje produserar kalv neste år.

Dei få kommunane som framleis satsar på ein modell med hovudvekt på uttak av ungdyr oppnår ikkje betring av kondisjon, det må berre leggjast mykje meir arbeid i gjennomføring av jakta.
I administrasjonens forslag til kommunale mål for 2025-2027 blir det tilrådd eit kalveuttak på 40%, og eit minsteuttak på 30 %. Bestandsplanområdet ynsker målsetting om 30 % felt kalv.

3. PLANBASERT ELGFORVALTNING – REKKEFØLGE I UTTAK

Dei aller fleste jegerar er oppteke av god forvaltning. Ved å ta ut små dyr i dårleg kondisjon kan alle bidra til at vi får ei vinterstamme av så god kvalitet som mogleg.
Ei planbasert forvaltning legg opp til at ein planlegg uttaket for ein periode og at alle føljer planen lojalt. Når planperioden er over kan ein evaluere og korrigere for neste periode. Det er dei store tala som gjeld. Slik sett er eigne tiltak på jaktlagsnivå ikkje nødvendig eller ønskeleg, følg den vedtekne planen.

I bestandsplanen for 2022-2024 var det sett eit krav om at «Godkjent %-fordeling på alder og kjønn skal stemme med felte dyr. Dette uavhengig av om kvoten fyllast eller ikkje» Det vil også gjelde for 2025-2027

Det blir sett som i tilrådinga til nye kommunale mål er at jakta må gå føre slik at alle vald held seg innanfor den prosentvise tildelinga og at valda blir oppmoda til å halde kontroll på dette på jaktlagsnivå.

4. SPARING AV OKSER

Det er attraktiv å skyte okse og geviret gjer det lett å identifisere type dyr. Oksane kan av den grunn få ein for høg beskatning. Mangel på store oksar kan være medverkande til at det fødas færre og lettare kalvar (pga ombrunst/sein kalving). I kommunale mål blir det lagt inn eit forslag om oppfordring til oksesparing i ein periode av jakta.